

## Melding om planvedtak

### Kunngjering av endeleg vedtak til områdereguleringsplan for Rylandshøgda, gnr.343

I medhald av plan- og bygningslova (PBL) §12-12 er framlegg til plan handsama i Kommunestyret 14.5.2020, som sak 023/20, med slikt vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til områderegulering for Rylandshøgda, PlanID 1256 2016 0004, som vist på plankart sist datert 31.01.2020 og med føresegn av revisjonsdato 31.01.2020. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-12, med følgende endring: Føresegn 3.3 c tas ut. (Det skal ikkje nyttast reflekterande takflater. Fargebruk på bygningar skal tilpassas ein jordfargeskala som ikkje skil seg ut.)»

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Godkjent reguleringsplan med tilhøyrande dokumenter er lagt ut på kommunen si heimeside [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no) under kunngjeringar, og via det digitale planarkiv [www.nordhordlandskart.no/pr](http://www.nordhordlandskart.no/pr). Grunna COVID-19 pandemien vert ikkje planen lagt ut til gjennomsyn ved rådhuset.

### Om klage og verknad av plan

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen, via:

- Alver kommune, Plan v/Arealforvaltning , postboks 4, 5906 Frekhaug, eller
- som e- post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk av området og er bindande for nye tiltak, samt utviding av eksisterande tiltak, jf. PBL §12-4. Eventuelle krav om erstatning eller innløyising i samband med godkjend reguleringsplan må setjast fram innan 3- tre år- etter denne kunngjeringa, jf. PBL § 15-2 og 3.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak  
Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar